

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2019	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	05.06.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Andreas Granli	19/534	19/7282

### Søknad om støtte frå kommunalt viltfond til hjortegjerde

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Radøy kommune har motteke søknad om viltfondsmidlar frå Dag Sætre, eigar av Gbnr 36/2. Det er søkt om midlar til å kjøpe inn byggegjerde til bruk rundt rundballar som vert nytta til fórt på garden. Arealet ligg ved gardens driftssenter og gjerdet skal halde hjorten vekk frå fóret som ligg lagra på plassen. Total kostnad er sett til 20 900 kr og det er søkt om 10 000 kr frå viltfondet.

##### Vurdering

Hjortebestanden på Radøy har auka dei siste åra. Hausten 2018 vart det felt 235 dyr i kommunen. Ein markant oppgang frå året før og eit resultat av auke i fellingsløyve. Hjorten flokkar gjerne frå hausten og utover vinteren. Dyra trekker ut til område der det er godt med mat og mindre snø, oftast er det då snakk om dei mest aktive landbruksområda i kommunen. Konfliktane vert store når hjorten forsyner seg av fóret bonden har liggande til dyra sine.

Landbrukskontoret får ofte melding om skadar på rundballar gjennom vinteren. Slike skadar kan føre til store tap for den enkelte bonde. Sjølv om gjerde er eit kostbart tiltak, er det og det tiltaket som gjev best effekt.

##### Viltfond

Kommunalt viltfond er regulert av forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Viltfondet får inn midlar gjennom fellingsavgifta på hjort, valda i kommunen betalar 300 kr for vaksne dyr og 180 kr for kalv. I 2018 felte jegerane 235 dyr i Radøy kommune, inntekta til viltfondet var om lag 65 000 kr.

Det står om lag 255 000 kr på viltfondet. Forskrifta og lokale retningslinjer regulerer bruken av viltfondet til tiltak som fremjar viltforvaltning, kunnskap om viltet, utgifter til handtering av skadd vilt og fallvilt, og til å førebyggja skader på landbruksnæringa forårsaka av vilt. Lokale retningslinjer ligg ved.

Radøy kommune har tidlegare støtta m.a. aktivitetar knytt til opplæring og auka kunnskap hjå lokale jegerar (kurs, samlingar, jegerprøve) og har løyvd midlar til tiltak og arrangement i tilknytning til utdanning av godkjende ettersøkshundar med viltfondsmidlar. Det er og løyvd midlar til

skadeførebyggjande tiltak som gjerde tidlegare.

### **Konklusjon**

Det omsøkte tiltaket kan støttast av viltfondsmidlar og er eit godt og konfliktdempande tiltak.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert løyvd 10 000 kroner i tilskot frå Radøy kommune sitt viltfond til innkjøp og montering av gjerde rundt rundballar på Gbnr 36/2. Det vert stilt krav om at gjerdet skal brukast til omsøkt formål og skal vere i garden si eige i minimum 10 år.

### **Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 037/2019**

#### **PLT - handsaming:**

Dag Sætre er inhabil i saka fordi han er søkjar. Han deltok difor ikkje i handsaminga av saka.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **PLT - vedtak:**

Det vert løyvd 10 000 kroner i tilskot frå Radøy kommune sitt viltfond til innkjøp og montering av gjerde rundt rundballar på Gbnr 36/2. Det vert stilt krav om at gjerdet skal brukast til omsøkt formål og skal vere i garden si eige i minimum 10 år.

#### **Vedlegg:**

retningslinjer for viltfondet i Radøy kommune (L)(45900)  
Søknad om viltfond 2019